

Sesongopning på Sletta

RADØY: Guida vandring, utstilling, innsamling av amerikabrev og konsert. Søndag er det sesongopning ved Vestnorsk utvandringssenter på Sletta.

- Det er alltid kjekt å ønske velkommen til ein ny sommar-sesong og sjå at det blir liv i emigranthusa, seier avdelingsleiar Ida Dyrkorn Heierland. Saman med Kjell Olav Hjellum og Oddmund Skjelvik legg ho no siste strøk med listemåling i legekontoret i emigrantlandsbyen.

- Dei frivillige i veneforeininga har verkeleg gjort ein flott innsats, fortel Heierland.

Amerikabrev

Søndag går startskotet for innsamling av amerikabrev og -foto frå Nordhordland.

- Har du gamle amerikabrev eller -bilde liggjande i skuffa, er vi svært takksame dersom du vil gje det til senteret. Vi kan sjølvsagt også scanna brev dersom folk helst vil låna dei ut, seier Heierland.

Historikar Kenneth Bratland kan også hjelpe til med søk i emigrantlistene.

Unik vandring

- Vi inviterer også til ei unik kulturhistorisk vandring på Sletta. Asbjørn Ystebø vil guida folk mellom dei såkalla Amerikagardane på Sletta; gardane som vart bygde opp og vidareutvikla av amerikanske dollar utvandrarane sende heim.

- Det er særleg interessant å sjå at det ikkje berre har budd folk frå Norge på desse gardane - nyleg vart eit av husa leigd ut til arbeidarar frå Litauen, fortel Heierland.

Konsert i kyrkja

Mot slutten av dagen inviterer Utvandringssenterets vener til korkonsert i Emigrantkyrkja med Radøy damekor og Hjemås mann-skor.



FANTASTISK FUNN: Ingen har sette denne nakensnegl-arten *Berghia norvegica* sidan 1939. Forskarane er nesten i ekstase over funnet i området ved Gulen dykkesenter. (Foto: Christian Skauge)

Ikkje sett på 73 år

GULEN: Forskarane går nesten ut av sitt gode skinn etter funnet av ein svært sjeldan nakensnegl i Gulen.

ARTHUR KLEIVELAND
arthur@nordhordland.no

Namnet er *Berghia Norvegica*. Ingen har sett han sidan 1939. Difor gjorde marinebiologane og sportsdykkarar store auge då dei fann att nakensnegl-arten under eit dykk i Gulen for kort tid sidan.

Vill jubel

- Vi jubla vilt av glede over funnet. Denne arten har ingen sett på 73 år. Utruleg spennande endeleg å sjå han levande i sitt rette element, seier marinebiolog

Jussi Evertsen ved NTNU Vitenskapsmuseet.

Sportsdykkar Christian Skauge har fanga den heilt spesielle arten med sitt undervasskamera. Ingen har observert denne arten igjen for Skauge og Bjørnar Nygård kom over denne ukjende nakensneglen i området ved Gulen dykkesenter.

Ekklusiv klubb

Saman med to forskarar er Skauge og Nygård no med i den eksklusive firemannsklubben av sportsdykkarar og forskarar som er dei einaste som har sett denne arten levande under vatn.

- Husrevet på Gulen Dykkesenter har vist seg å vera eit heilt unikt område for nakensneglar. Ingen stader i Norge er det blitt dokumentert fleire artar på eit så

lite område, seier Christian Skauge.

-Det var kjempemoro at vi klarte å få stadfesta at det verkeleg var ein *berghia norvegica*, seier han. Skauge synest det er fint å kunne bidra til kunnskapen om utbreiinga av norske marine artar.

-Forskarane frå NTNU gjer ein kjempejobb med å identifisera det vi finn, og dei har fleire gonger uttalt at nakensneglesafarieren i Gulen er blitt ein viktig del av deira forskning, seier Skauge, som legg til at årets safara vart ein kjempesuksess.

Har mangla detaljar

Nakensneglen *Berghia* vart oppdaga ytst i Trondheimsfjorden i 1939. Den gongen vart sneglen skildra som ein ny art av den

svenske zoologen Nils Hjalmar Odhner. Men Odhner si skildring av *Berghia* har ikkje alle detaljar om den ytre forma på sneglen.

-Difor har ingen visst korleis denne arten har sett ut i levande live, seier marinebiolog Jussi Evertsen. Med sine vakre former og fargar, kan kallast havet sine sommarfuglar, seier han.

NAKENSNEGLAR

- Sneglar utan skal. Dei kan leva både land eller i vatn (nakengjellesneglar).
 - Nakengjellesneglar har ofte utvikla ei mengde ulike kroppsformer og fargar.
- Kjelde: snl.no



DRESSER

Just a Suit Pinstripe

GLADPRIS!

750,-

SKJORTER FRA 199,-

Dressmann®

WWW.DRESSMANN.COM